



Stølen er det rosa området i midten av skissa

Odd Steinar Arnesen har skrevet til kommunen på vegne av oppvekstsenteret og spurt kva som skal skje med eigedomen Stølen i sentrum. Han viser til brev som oppvekstsenteret sendte til kommunen i april der dei kom med nokre tankar rundt omregulering av Stølen, men som dei enno ikkje har fått noko svar på. Dei har heller ikkje fått informasjon om kva som no skjer og Arnesen spør:

- * Er søknaden frå utbyggjar godkjent av kommunen?
- * Ligg planane på is, er det endringar i planane eller skjer det andre ting som oppvekstsenteret bør og skal vita om?

Oppvekstsenteret nemnde i det fyrste brevet behovet for parkering og trafikksikringstiltak rundt oppvekstsenteret. Vert dette teke omsyn til i planarbeidet vidare?
Dei ville sett stor pris på om dei ansvarlege kunne sendt litt informasjon.

Tekst og nett. Ola Matti Mathisen